

# FINNØY KOMMUNE

## SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr	Sbh
Formannskapet	19.01.2010	003/10	AKH

<b>Saksansvarleg</b> Aud Kindervåg Halsne	<b>Arkiv:</b> K2-A10, K3- &13 <b>Objekt:</b>	<b>Arkivsaknr</b> 08/7
--	--	---------------------------

### BARNEHAGELOVA - FORSLAG TIL ENDRING

#### Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	U	02.01.2008	Det kongelige kunnskapsdepartement	BARNEHAGELOVA - HØYRINGSFORSLAG
2	I	28.05.2009	Det Kongelige Kunnskapsdepartement	HØRINGSNOTAT - ENDRINGER I BARNEHAGELOVEN - RETT TIL BARNEHAGEPLASS FOR BARN AV ASYLSØKERE
3	I	10.11.2009	Det kongelige kunnskapsdepartement	HØRINGSNOTAT - ENDRINGER I BARNEHAGELOVEN

#### Saksutgreiing:

”Stortinget har vedteke endringer i formålsbestemmelsen i barnehageloven. I dette høringsnotatet foreslår departementet å videreføre en adgang for private barnehager til å unnta seg deler av formålsbestemmelsen i barnehageloven” Sitat frå:” høringsnotat om forslag til endringer i lov 17. Juni 2005 nr. 64 om barnehager(barnehageloven)”.

Ny §1 a særlege formål skal lyde slik(ending i kursiv):

*”Eiere av private barnehager kan i vedtektene bestemme at henvisningen til kristen og humanistisk arv og tradisjon som innfallsvinkel til verdiene i § 1 ikke skal gjelde.*

*Private barnehager og barnehager eiet eller drevet av menigheter innen Den norske kirke kan i vedtektene fastsette særlege bestemmelser om tros- eller livssynsformål.”*

Endringar i barnehageloven §2 .Barnehagen sitt innhald(ending i kursiv)

”Barnehagen skal være en pedagogisk virksomhet.

Barnehagen skal ta hensyn til barnas alder, funksjonsnivå, kjønn, sosiale, etniske, og kulturelle bakgrunn, herunder samiske barns språk og kultur.

Barnehagen skal *formidle kultur*, gi rom for barns egen kulturskapning og bidra til at alle barn får oppleve glede og mestring i et sosialt og kulturelt fellesskap.

*Barnehagen skal ha en helsefremmende og en forebyggende funksjon og bidra til å utjevne sosiale forskjeller.*

Departementet fastsetter en rammeplan for barnehagen. Rammeplanen skal gi retningslinjer for barnehagens innhald og oppgaver.

Barnehagens eier kan tilpasse rammeplanen til lokale forhold. Med utgangspunkt i rammeplan for barnehagen skal samarbeidsutvalget for hver barnehage fastsette en årsplan for den pedagogiske virksomheten.”

§ 7 fjerde ledd skal lyde(ending i *kursiv*):

”Barnehageeieren skal fastsette barnehagens vedtekter. Vedtektene skal gi opplysningar son er av betydning for foreldrenes/de foresattes forhold til barnehagen, herunder

- a) Eierforhold
- b) Formål j.f.§§1 og 1a
- c) Opptakskriterier,
- d) Antall medlemmer i samarbeidsutvalget,
- e) Barnehagens åpningstid”

”§10 første ledd skal lyde(ending i *kursiv*):

Kommunen avgjør søknad om godkjenning etter en vurdering av barnehagens egenhet I forhold til formål og innhold,jf.§§1,1a og 2.”

### **Vurdering:**

#### **Ny §1a**

Finnøy kommune vil støtte desse forslag til endring i lov 17. Juni 2005 nr. 64 som her vert framlagt av Kunnskapsdepartementet.

Når det gjeld §1a andre avsnitt så har Finnøy kommune i dag ein privat barnehage, Utsyn barnehage, som vert driven av NLM (Norsk Luthersk Misjonsamband) og med særlege livssyns føremål. Finnøy kommune har tilsyn og ansvar for at denne barnehagen vert forsvarleg driven etter barnehagelova.

Det er viktig at mangfaldet i barnehagesektoren vert teken vare på, likeeins det at ein i landet vårt har religionsfridom.

Sjølvsagt gjeld det også her at barna har rett til medverknad ut frå alder og føresetnad.

Når det gjeld §1 første avsnitt har vi i skrivande stund ikkje det private barnehagetilbodet i Finnøy kommune.

Gjeldane regelverk for alle barnehagar kommunale eller private er at dei skal vere drivne etter menneskerettane og barnehagelova sin intensjon. Retten til å velje et barnehagetilbod i samsvar med eigen religiøs og filosofisk overtydnad er eit viktig prinsipp som kommunen meiner må vidareførast.

#### **Endring i §2**

Barnehagen må verta meir medvitne si oppgåve som kulturformidlar. Denne biten har kanskje kome litt i bakgrunnen i diskusjonen om innhaldet i barnehagen. Dei seinare åra har fokuset vore på språk, leik, matematikk og ikt. Fokuset på kulturbarnehagar med ”Reggio Emile” og kultur/kunst i sentrum har vore lite. Nå legg departementet vekt på å gi kultur-formidlinga meir plass i barnehagekvardagen.

I den nye rammeplanen for barnehagen som kom i 2006 blei eit nytt fagområde presentert.

Det er fagområdet: kropp, rørsle og helse. Fleire av barna er meir i barnehagen enn heime, og difor må barnehagen vere medvitne si rolle når det gjeld å barnets fysiske utvikling. Godt kosthald, god veksling mellom aktivitet og kvile er viktig for å utvikle ein sunn kropp.

At barna får ei felles plattform til dei begynner på skulen vil ha innverknad på å utjamne sosiale forskjellar. Det å ha møtt felles reglar, rutinar og fått lik førskuletilbod er viktig for ikkje å falle utanfor. Det sosiale samspelet i barnehagen vil vere til stor nytte og hjelp til at barn kjenner seg inkludert.

Kommunen stillar seg bak endringa i § 2.

### **Endring i §7**

Det skal stå i barnehagevedtektene kva føremål barnehagen bygger på. Jf §§1 og 1a. Dette er grunnleggande for eit godt samarbeid med heimen. Vedtektene gir føresette grunnlag for å vurdere heilskapen i barnehagen si verksemd, og den gir viktige opplysningar om drifta. Kommunen tykkjer det er viktig at eigaren i vedtektene gir dei føresette opplysningar om formålet til barnehagen.

### **Endring i §10**

Departementet foreslår at kommunen skal avgjerde søknad om godkjenning etter ei vurdering av om barnehagen er egna i forhold til føremål og innhald, jf. §§1, 1a og 2. Dersom ein barnehage har vedtektsfesta særlege livssynsføremål etter § 1a, bør dette ennå vere ein del av vurderinga av om barnehagen er egna i godkjenninga etter § 10. Difor viser ein i §10 til § 1a. Finnøy kommune stiller seg bak dette forslaget.

### **ADMINISTRASJONEN - FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Finnøy kommune har ingen negative merknadar til Kunnskapsdepartementet sine forslag til endringar i barnehagelova.

### **FSK-003/10 VEDTAK 19.01.2010:**

Etter innspel frå Grethe Kolbjørnsen (H) og ordføraren samla formannskapet seg om slik uttale:

***”Finnøy kommune har ingen merknader til Kunnskapsdepartementet sine forslag til endringar i barnehagelova og støttar endringsforslaga.”***